

KORONAPLAN - VOSS GYMNAS


GULT-NIVÅ

På Voss gymnas har alle eit ansvar for å bidra til at ein reduserer faren for smittespreiing. Vår framferd kviler på tre hovudprinsipp:

1. Sjuke personar skal ikkje møte på skulen
2. God hygiene
3. Redusert kontakt mellom personar

GENERELT

- Hald avstand til andre og unngå direkte fysisk kontakt med andre samt med inventar/trappegelender osv
- Når du kjem på skulen skal du sprite hendene
- Ved nysing/hosting – bruk papirlommetørkle/olbogekroken. Kast brukte papirlommetørkle i avfallsstasjon etter bruk. Sprit/vask hender etterpå
- Vask hender før og etter måltid



FRÅVÆR OG OPPMØTE PÅ SKULEN

- Ingen sjuke skal møte på skulen. Det gjeld òg ved milde luftvegssymptom eller om du føler deg berre litt sjuk. Då skal du ikkje møte på skulen, uansett. Du kan kome på skulen igjen om du har testa negativt og kjenner deg frisk og feberfri.
- Dersom du har påvist Covid-19 skal du vere i isolasjon så lenge legen pålegg deg det
- Dersom nokon du bur saman med er smitta av Covid-19, skal du ikkje møte på skulen. Lege avgjer kor lenge du skal i karantene

I KLASSEROMMET

- Elevar held seg til sin pult, sine skulesaker, skulebøker og PC.
- Elevar skal ikkje besøke andre elevar i deira klasserom
- Ved byte av klasserom i løpet av skuledagen, skal dei som kjem inn i eit nytt klasserom desinfisere pulten sin med sprit og turkepapir
- Felles undervisningsutstyr skal desinfiserast etter bruk og mellom ulike brukarar. Det er læraren sitt ansvar at dette vert gjort
- I undervisningsgrupper der ein har elevar frå ulike basisgrupper, bør ein prøve å gruppere elevane med utgangspunkt i basisgruppe

FORFLYTTING I FELLESOMRÅDE OG FRIMINUTT

- Hald høgre i alle fellesområde/trapper
- Langetrappa i skuletorget er einvegskøyrte (sjå merking).
- Utanfor klasseromma skal ein halde avstand på 1 meter
- Dette har ALLE eit ansvar for at vert praktisert. Gi beskjed til andre på ein fin måte om dei ikkje praktiserer dette

KANTINE

- Ein spritar seg inn og ut av kantina
- Kantina er open i fyrste friminutt og i lunsjpausen
- Det er redusert tal på sitteplassar i kantina
- I kantina bør elevar berre sitje ved bord saman med elevar frå eiga basisgruppe
- Stolar og bord skal ikkje flyttast på
- Elevar som ikkje får tilgang til kantina av plassomsyn kan bruke fellesområde eller ete i klasserom (IKKJE realfagsrom)
- Avfall skal framleis i miljøstasjonane og sorterast iht fraksjonane
- Det vert ikkje skulefrukost i tidsrommet fram til haustferien

GARDEROBAR, KROPPSØVING OG IDRETTSFAG

- Ein klasse skal berre gjere nytte av dei garderobane som er sett opp at ein skal bruke. Sjå oversikt ved inngang til garderobane
- Alle skal sprite hender grundig før dei går i garderoben
- Ein skal syte for å halde avstand i garderobane samt ha god hygiene når ein skiftar og dusjar
- Når ein forlét garderoben for å delta i aktivitet eller er ferdig bytt, skal ein vaske hender/desinfisere med sprit
- Timane i idrettsfasilitetane skal gjennomførast i tråd med retningslinene som er utarbeidd og offentleggjort på idrettsseksjonen sine sider på Its learning.

SJUKDOM PÅ SKULEN

- Elevar som får symptom på luftvegsinfeksjon skal sendast heim frå skulen. Kontaktlærar og avdelingsleiar skal ha melding utan ugrunna opphald

Oppdatert: 01.10.20

- Foreldre/føresette til ikkje-myndige elevar skal ha melding av kontaktlærer/avdelingsleiar
- Elevar som treng transport heim skal vente på klasserommet sitt til transporten er klar. Resten av klassen skal flyttast til nytt klasserom/dimmerast
- Klasserom, toalett og andre områder der eleven har vore skal reingjerast (med vanlege reingjeringsmiddel)
- Tilsette som vert sjuke på skulen skal varsle næraste overordna, får evt munnbind (på kontoret) og skal reisa heim med det same